



Hardanger og Voss Museum

5778 UTNE

Dato: 02.09.2015  
Vår ref.: 2015/5046-2  
Saksbehandlar: anethom  
Dykkar ref.:

## Hardingfela.no Vedtak

Vedlagt er vedtak frå Kultur- og ressursutvalet.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Elisabeth Bjørsvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2015/5046-1  
 Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Jørn Oftedal, Tone Stedal Haugland, Ronny Skaar, Per Morten Ekerhovd

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	116/15	02.06.2015

### Hardingfela.no

#### Samandrag

Hardingfela er eit levande uttrykk for ein folkeleg kulturtradisjon som har røter attende til tidleg middelalder. Røtene til hardingfela i Noreg er fleire, men Hardanger har gitt namnet sitt til instrumentet. Hardanger og Voss museum har i samarbeid med Ole Bull Akademiet utarbeidd ein hovudprosjektrapport med tittelen hardingfela.no som gjer greie for korleis hardingfeletradisjonane kan førast vidare gjennom formidling, forskning, forvaltning og opplæring. Rapporten inneheld vurdering av mål, produkt, organisering, eigarskap og økonomi. I løpet av prosjektperioden har ein gått frå ideen om eit senter/ein institusjon til ei organisering knytt til dei to eksisterande institusjonane Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet. Hardingfela.no skal oppnå mål på fleire område: den skal vere eit viktig bidrag til ein levande hardingfeletradisjon, sikre at fleire kan spele på og byggje hardingfele, nye grupper skal oppleve hardingfelemusikk, dans og all den tradisjon som høyrer til, og styrkje den kulturelle og faglege kvalitet for tradisjonsberarane, utøvarar og publikum.

Ei satsing på tradisjonsuttrykk og hardingfele er i samsvar med Hordaland fylkeskommune si fylkesmusikarordning og fleire av tiltaka i regional plan for kultur. Prosjektet, med forprosjekt og hovudprosjekt, har fått midlar frå Hordaland fylkeskommune gjennom Kulturelt utviklingsprogram i 2011 med 425 000 kr. og museumsplanmidlar for 2013 med 300 000 kroner. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, har vore representert i styringsgruppa for forprosjekt og hovudprosjekt.

#### Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet støttar innhaldet i prosjektrapporten hardingfela.no om ei satsing på hardingfeletradisjonar gjennom dei etablerte institusjonane Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet
2. Kultur- og ressursutvalet rår til at satsinga i fyrste omgang vert etablert som eit prøveprosjekt over ein periode på tre år med ei evaluering i god tid før utløp av prosjektperioden.
3. Kultur- og ressursutvalet ønskjer meir vekt på nyskaping i prosjektet som heilskap og strategi for å knytte til seg aktuelle aktørar på samtidsmusikkfeltet.
4. Kultur- og ressursutvalet tek til etterretning at prosjektet føreset økonomiske bidrag frå Hordaland

fylkeskommune, og vil komme attende til saka i samband med budsjetthandsaminga.

### **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 02.06.2015**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kultur- og ressursutvalet støttar innhaldet i prosjektrapporten hardingfela.no om ei satsing på hardingfeletradisjonar gjennom dei etablerte institusjonane Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet
2. Kultur- og ressursutvalet rår til at satsinga i fyrste omgang vert etablert som eit prøveprosjekt over ein periode på tre år med ei evaluering i god tid før utløp av prosjektperioden.
3. Kultur- og ressursutvalet ønskjer meir vekt på nyskaping i prosjektet som heilskap og strategi for å knytte til seg aktuelle aktørar på samtidsmusikkfeltet.
4. Kultur- og ressursutvalet tek til etterretning at prosjektet føreset økonomiske bidrag frå Hordaland fylkeskommune, og vil komme attende til saka i samband med budsjetthandsaminga.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Fylkesrådmannen, 13.05.2015

I 2011 fekk Hardanger og Voss museum 425 000 kroner frå Kulturelt Utviklingsprogram til eit forprosjekt om hardingfelesenter og ivaretaking av hardingfeletradisjonar. Forprosjektrapporten har tittelen «Hardingfelesenteret. Styrking og vidareføring av ein tradisjon». Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga v/ fagkoordinator Jørn Oftedal var representert i styringsgruppa. I 2013 fekk Hardanger og Voss museum 300 000 kroner frå museumsplanmidlane til vidare utgreiing om Hardingfelesenter. Fylkesarkivar Anne Aune var Hordaland fylkeskommune sin representant i styringsgruppa. Etablering av eit slikt senter var eit av tiltaka i regional plan for museum 2011-2015. Museumsplanen vart til etter ein lang prosess med mange innspel. Etablering av hardingfelesenter var eit av ni prioriterte tiltak. I *Premiss: Kultur regional plan for kultur 2015-2025* er immateriell kulturarv og tradisjonsuttrykk viktige satsingsområde.

### Om prosjektrapporten

Ein har i løpet av prosjektperioden gått frå ideen om eit senter for hardingfele til eit tett samarbeid mellom dei to institusjonane Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet, der dei to institusjonane skal utvikle kapasitet og komparative fortrinn på feltet. Hardingfela.no skal realiserast både ved å integrere hardingfeletradisjonen meir målretta og sterkare innafor eksisterande verksemd i eige institusjon, og gjennom å etablere ny verksemd i fellesskap. Framover vil ein såleis starte arbeidet med å konkretisere ein plan for realisering av formidlingskonseptet, utvikle nye og gamle former for konsertar, produsere nye tiltak til fremme av hardingfeletradisjonane i samfunnet mm.

I rapporten vert det peikt på utfordringar knytt til å etablere hardingfela.no på basis av to institusjonar utan at det kjem store tilleggskostnader. Økonomien for hardingfela.no vil vere integrert i Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet sine budsjett og rekneskap. Hardingfela.no skal gjennomførast med 7,6 årsverk. Spelemenn og felebyggjarar er foreslått til 3 årsverk. Prosjektbudsjettet er på 6,3 mill. kr. Av denne summen er 4,5 mill. kr. tenkt finansert gjennom kommunar og Hordaland fylkeskommune med til saman 40 prosent og stat 60 prosent. Resten er eigne inntekter frå konsertar og andre arrangement.

Målet er å ha ein levande hardingfeletradisjon i vår tid, at fleire skal kunne byggje og spele hardingfele. Nye grupper skal få oppleve hardingfelemusikk, dans og den tradisjonen som høyrer til. Den kulturelle og faglege kvaliteten vert styrkja, både for utøvarar, tradisjonsberarar og publikum. Satsinga vil kombinere materiell og immateriell kulturarv. Målgruppene for ei slik satsing er fleire, frå publikum, til folkemusikarar og felemakarar, forskarar, elevar og studentar,. Produkta ei slik satsing vil gi er knytt til samlingsforvaltning, formidling forskning og opplæring. I formidlinga gjennom Hardanger og Voss museum legg ein vekt på ei basisutstilling.

For å bygge opp under konklusjonen om vidare satsing på hardingfeletradisjonane gjennom hardingfela.no, vert det i hovudrapporten lagt vekt på den satsinga Hordaland fylkeskommune har vist for folkemusikken gjennom fylkesmusikerordninga.

### Vurdering av hardingfela.no

For Hordaland er hardingfeletradisjonar ein viktig del av fylket sin identitet, også utanfor fylket sine geografiske grenser. Musealt er hardingfeletradisjonane i dag ein del av Hardanger og Voss museum, avdeling Hardanger folkemuseum, si formidling. Ole Bull Akademiet gir undervisning i folkemusikk og folkedans. Hordaland fylkeskommune bidreg gjennom fylkesmusikerordninga i samarbeid med Ole Bull akademiet og Hardanger folkemuseum til å levandegjere og formidle hardingfeletradisjonane.

Folkemusikkgruppa i Hordaland består i dag av 3 stillingar (100%) – ein vakant, i dei to andre er det tilsett utøvarar i kveding og hardingfele. Allereie i 1991 etablerte Hordaland fylkeskommune Folkemusikkgruppa. Den vart etablert etter politisk vedtak i Fylkestinget 19. juni 1991. Målet var todelt: 1) føre vidare folkemusikktradisjonane i fylket til nye utøvargenerasjonar og 2) gi flest mogleg av innbyggjarane i fylket høve til å oppleve folkemusikk på høgt nivå.

For ei meir heilskapleg satsing, effektiv organisering og samstundes sikre at tradisjonane får gode og nyskapande rammevilkår i åra som kjem, ser fylkesrådmannen konklusjonen i rapporten om at hardingfela.no vert integrert i dei to eksisterande institusjonane, som ein god føresetnad for å lukkast. Dei to institusjonane har gjennom fleire år bygd opp ein kompetanse som det er riktig å tenkje heilskapleg ikring. Fylkesrådmannen vil også peike på behovet nasjonalt for å sikre at desse tradisjonane vert ført vidare gjennom ei betre organisering og auka fokus. Det er ikkje nokon etablert institusjon i dag som har hardingfela som sitt fokusområde. Det initiativet som ligg føre i Telemark som eit privat initiativ, er ikkje ført vidare som ei satsing i Telemark fylkeskommune sin museumsplan. Hardingfela.no har allereie god forankring både musealt og kunstnarisk, og ein ser at potensialet er stort med omsyn til festivalar og talentutvikling. Hordaland fylkeskommune vil understreke at det er viktig at ein legg vekt på nyskaping mellom anna gjennom å knytte til seg aktørar frå samtidsmusikkfeltet, og at det er etablert ein strategi for ei slik satsing.

I finansieringsplanen er økonomiske bidrag frå Hordaland fylkeskommune ein føresetnad saman med bidrag frå kommunar og stat. Det kommunale og fylkeskommunale bidraget utgjer 40 prosent av 4,5 mill. kr. Fylkeskommunen sitt budsjett vert handsama på fylkestinget i desember. Det er viktig at prosjektet har forankring i dei aktuelle kommunane, også med økonomiske bidrag.

Hardingfela.no er ei nyskaping innafor etablerte institusjonar. Det er slik fylkesrådmannen ser det, naturleg at hardingfela.no får ei prosjektorganisering på 3 år, med ei evaluering av prosjektet i god tid før utløp av treårsperioden. I kva grad ein lukkast med å nå måla, er avhengig av samarbeidet mellom dei to institusjonane og korleis ein kan tenkje både tradisjonelt og nytt om hardingfela.